

# EØS-ORGANER

## EØS-KOMITEEN

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2018/EØS/11/01

av 3. april 2014

om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES

[meld under nummeret K(2014) 2094]

(2014/187/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innanfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 20 nr. 1 og 3,

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestatar, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 4 andre leddet andre punktet og artikkel 6 nr. 5,

med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestatar<sup>(3)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I kommisjonsvedtak 2009/821/EF<sup>(4)</sup> er det fastsett ei liste over grensekontrollstasjonar som er godkjende i samsvar med direktiv 91/496/EØF og 97/78/EF. Denne lista er oppført i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 2) På grunnlag av meldingar frå Spania og Portugal bør postane for grensekontrollstasjonar ved lufthamnene i Madrid og Tenerife Sur i Spania, ved lufthamna i Porto og ved lufthamna og hamna i Ponta Delgada i Portugal, endrast i lista som er oppført i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 3) I rådsavgjerd 2011/408/EU<sup>(5)</sup> er det fastsett forenkla reglar og framgangsmåtar for helsekontrollar av fiskerivarer, muslingar, pigghudingar, sekkedyr og sjøsniglar, biprodukt av desse og produkt som er framstilte av desse biprodukta, som kjem frå Grønland, eller som vert innførte til Grønland frå tredjestatar og deretter importerte frå Grønland til Unionen. I artikkel 5 i den nemnde avgjerda vert det spesifisert kva krav som gjeld for veterinærkontroll av desse produkta ved grensekontrollstasjonane, og det vert fastsett at lista over grensekontrollstasjonar som er godkjende på Grønland, skal takast med i lista over grensekontrollstasjonar i medlemsstatane som er godkjende i samsvar med direktiv 91/496/EØF og 97/78/EF.
- 4) Tilsynstenesta til Kommisjonen (tidlegare kalla «inspeksjonstenesta til Kommisjonen»), som er underlagd Næringsmiddel- og veterinærkontoret, har gjennomført eit tilsyn ved to grensekontrollstasjonar som Grønland har gjort framlegg om, og har deretter gjeve Grønland visse tilrådingar. Grønland svarte tilfredsstillande på desse tilrådingane med ein handlingsplan, og dei to framlagde grensekontrollstasjonane bør leggast til i lista i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 102 av 5.4.2014, s. 13, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 1/2015 av 25. februar 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 52 av 3.9.2015, s. 19.

(<sup>1</sup>) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

(<sup>2</sup>) TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56.

(<sup>3</sup>) TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9.

(<sup>4</sup>) Kommisjonsvedtak 2009/821/EF av 28. september 2009 om utarbeiding av ei liste over godkjende grensekontrollstasjonar, om fastsetjing av visse reglar for dei inspeksjonane som veterinærakkunnige frå Kommisjonen skal utføre, og om fastsetjing av veterinæreiningar i TRACES (TEU L 296 av 12.11.2009, s. 1).

(<sup>5</sup>) Rådsavgjerd 2011/408/EU av 28. juni 2011 om fastsetjing av forenkla reglar og framgangsmåtar for helsekontrollar av fiskerivarer, levande muslingar, pigghudingar, sekkedyr, sjøsniglar, biprodukt av desse og produkt som er framstilte av desse biprodukta, som kjem frå Grønland (TEU L 182 av 12.7.2011, s. 24).

- 5) Ettersom dei forenkla reglane og framgangsmåtane for importkontrollar berre kan nyttast på visse produkt, bør det leggjast til ein fotnote om fiskerivarer, muslingar, pigghudingar, sekkedyr og sjøsniglar, biprodukt av desse og produkt som er framstilte av desse biprodukta, i dei særlege merknadene i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 6) Næringsmiddel- og veterinærkontoret gjennomførte eit tilsyn ved grensekontrollstasjonar i Italia i november 2011 og gav deretter fleire tilrådingar til denne medlemsstaten. Italia svarte tilfredsstillande på tilrådingane med ein handlingsplan og med ei endring av godkjenningsskategoriane for grensekontrollstasjonar i hamnene i Livorno-Pisa, Trieste og Venezia, så opplysningane om denne medlemsstaten bør difor endrast i lista i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 7) Nederland har meldt frå om at det er skipa eit nytt kontrollsentral ved grensekontrollstasjonen i hamna i Rotterdam. Lista over postar for denne medlemsstaten i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 8) I vedlegg II til vedtak 2009/821/EF er det fastsett ei liste over sentrale einingar, regionale einingar og lokale einingar i det integrerte veterinærdatasystemet (TRACES).
- 9) I samsvar med Det europeiske rådets avgjerd 2012/419/EU<sup>(1)</sup> utgjer ikkje Mayotte lenger eit oversjøisk land eller territorium, og er frå 1. januar 2014 vorten ein fjerntliggjande region i Unionen, slik det er definert i artikkel 349 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen. Postane for dei lokale einingane i Frankrike i vedlegg II til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 10) Vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 11) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

Vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 3. april 2014.

*For Kommissjonen*

Tonio BORG

*Medlem av Kommissjonen*

---

<sup>(1)</sup> Det europeiske rådets avgjerd 2012/419/EU av 11. juli 2012 om endring av statusen til Mayotte overfor Den europeiske unionen (TEU L 204 av 31.7.2012, s. 131).

## VEDLEGG

I vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I vert det gjort følgjande endringar:

a) Følgjande merknad (15) skal setjast inn i dei særlege merknadene:

«15) = Само за рибни продукти, клас миди, бодлокожи, мантийни, морски коремоноги, странични продукти и производни продукти, получени от тези странични продукти — rouze pro produkty rybolovu, mlže, ostnokožce, pláštěnce, mořské plže, vedlejší produkty a produkty získané z těchto vedlejších produktů — kun for fiskevarer, toskallede bløddyr, pighuder, sækdyr og havsnegle samt biprodukter og produkter fremstillet af disse biprodukter — nur Fischereierzeugnisse, Muscheln, Stachelhäuter, Manteltiere und Meeresschnecken, Nebenprodukte und aus diesen Nebenprodukten gewonnene Produkte — Ainult kalandustoodete, kahepoolmeliste molluskite, okasnahksete, mantelloomade ja meritigude, nende kõrvalsaaduste ja kõrvalsaadustest saadud toodete puhul — μόνο για προϊόντα αλιείας, δίθυρα μαλάκια, εχινόδερμα, χιτωνόζωα, θαλάσσια γαστερόποδα, τα υποπροϊόντα τους και τα προϊόντα που προέρχονται από τα υποπροϊόντα αυτά — only for fishery products, bivalve molluscs, echinoderms, tunicates, marine gastropods, by-products and products derived from these by-products — Solo en relación con productos de la pesca, moluscos bivalvos, equinodermos, tunicados, gasterópodos marinos, sus subproductos y productos derivados de estos — Uniquement pour les produits de la pêche, les mollusques bivalves, les échinodermes, les tuniciers, les gastéropodes marins, les sous-produits et les produits dérivés de ces sous-produits — samo za riblje proizvode, školjkaše, bodljikaše, plašenjake, morske pužve, nusproizvode i proizvode dobivene od tih nusproizvoda — soltanto per i prodotti della pesca, i molluschi bivalvi, gli echinodermi, i tunicati, i gasteropodi marini, i loro sottoprodotti e i prodotti derivati da tali sottoprodotti — tikai attiecībā uz zivsaimniecības produktiem, gliemenēm, adatādaiņiem, tunikātiem, jūras gliemežiem, blakusproduktiem un no šiem blakusproduktiem iegūtiem produktiem — tik žuvininkystės produktai, dvigeldžiai moliuskai, dygiaodžiai, gaubtagyviai, jūros pilvakojai, šalutiniai produktai ir iš šių šalutinių produktų pagaminti produktai — Kizárolag halászati termékek, kéthéjú kagylók, tuskésbőrűek, zsákállatok, tengeri haslábúak, valamint ezek melléktermékei és a melléktermékekből származó termékek — għal prodotti tas-sajd, molluski bivalvi, ekinodermi, tunikati, gasteropodi tal-baħar, prodotti sekondarji u prodotti ġejjin minn dawn il-prodotti sekondarji biss — uitsluitend voor visserijproducten, tweekleppige weekdieren, stekelhuidigen, manteldieren, mariene buikpotigen, bijproducten daarvan en van die bijproducten afgeleide producten — wyłącznie w odniesieniu do produktów rybołówstwa, małży, szkarłupni, osłonnic, ślimaków morskich, produktów ubocznych oraz produktów pochodnych tych produktów ubocznych — Apenas para produtos da pesca, moluscos bivalves, equinodermes, tunicados, gastrópodes marinhos, subprodutos e produtos derivados desses subprodutos — doar pentru produse pescărești, specii de moluște bivalve, echinoderme, tunicate, gasteropode marine, subproduse și produse derivate din aceste subproduse — Len pre produkty rybolovu, lastúrniky, ostnatokožce, plášt'ovce, mořské ulitníky, vedľajšie produkty a produkty získané z týchto vedľajších produktov — samo za ribiške proizvode, školjke, iglokožce, plaščarje, morske polže, stranske proizvode in proizvode iz teh stranskih proizvodov — Koskee vain kalastustuotteita, simpukoita, piikkinahkaisia, vaippaeläimiä ja merikotiloita sekä sivutuotteita ja näistä sivutuotteista johdettuja tuotteita — endast för fiskeriprodukter, musslor, tagghudingar, manteldjur, marina snäckor, biprodukter och produkter framställda av dessa biprodukter.»

b) I den delen som gjeld Spania, vert det gjort følgjande endringar:

i) Posten for lufthamna i Madrid skal lyde:

«Madrid	ES MAD 4	A	Iberia	HC-T(FR)(2)(*), HC-NT(2)(*), NHC(2)	U, E, O
			Swissport	HC(2), NHC-T(CH)(2), NHC-NT(2)	O
			PER4	HC-T(CH)(2)	
			WFS: World Wide Flight Services	HC(2), NHC-T(CH)(2), NHC-NT	O»

ii) Posten for lufthamna i Tenerife Sur skal lyde:

«Tenerife Sur	ES TFS 4	A	Productos	HC(2), NHC(2)	
			Animales		U(*), E(*), O»

c) Følgjande del om Grønland skal setjast inn i delen som følgjer etter Frankrike:

«**Страна:** Гренландия — **Země:** Grónsko — **Land:** Grønland — **Land:** GRÖNLAND — **Riik:** Gröönimaa — **Χώρα:** Γροινλανδία — **Country:** GREENLAND — **País:** Groenlandia — **Pays:** Groenland — **Zemlja:** Grenland — **Paese:** Groenlandia — **Valsts:** Grenlande — **Šalis:** Grenlandija — **Ország:** Grönland — **Pajjiz:** Greenland — **Land:** Groenland — **Kraj:** Grenlandia — **País:** Gronelândia — **Ṭara:** Groenlanda — **Krajina:** Grónsko — **Država:** Grenlandija — **Maa:** Grönlanti — **Land:** Grönland

Nuuk	GL GOH 1	P		HC(1)(2)(15), NHC-T(2)(15)	
Sisimiut	GL JHS 1	P		HC-T(FR)(1)(2)(15)»	

d) I den delen som gjeld Italia, vert det gjort følgjande endringar:

i) Posten for hamna i Livorno-Pisa skal lyde:

«Livorno-Pisa	IT LIV 1	P	Porto Commerciale	HC-T(FR), NHC-NT	
			Sintemar(*)	HC(*), NHC(*)	
			Lorenzini	HC, NHC-NT	
			Terminal Darsena Toscana	HC, NHC»	

ii) Posten for hamna i Trieste skal lyde:

«Trieste	IT TRS 1	P	Hangar 69	HC, NHC-NT, NHC-T(CH)»	
----------	----------	---	-----------	------------------------	--

iii) Posten for hamna i Venezia skal lyde:

«Venezia	IT VCE 1	P		HC, NHC»	
----------	----------	---	--	----------	--

e) I den delen som gjeld Nederland, skal posten for hamna i Rotterdam lyde:

«Rotterdam	NL RTM 1	P	Eurofrigo Karimatastraat	HC, NHC-T(FR), NHC-NT	
			Eurofrigo, Abel Tasmanstraat	HC	
			Frigocare Rotterdam B.V.	HC-T(2)	
			Coldstore Wibaco B.V.	HC-T(FR)(2), HC-NT(2)	
			Kloosterboer Delta Terminal	HC(2)»	

- f) I den delen som gjeld Portugal, skal postane som gjeld lufthamna og hamna i Ponta Delgada og posten som gjeld lufthamna i Porto, lyde:

«Ponta Delgada (Açores)	PT PDL 4	A		NHC-NT(2)	
Ponta Delgada (Açores)	PT PDL 1	P		HC-T(FR)(3)	
Porto	PT OPO 4	A		HC-T(CH)(2), NHC-NT(2)	O»

- 2) I den delen som gjeld Frankrike i vedlegg II, skal følgjande post for ei ny lokal eining setjast inn etter Martinique:

**«MAYOTTE**

FR10100	MAYOTTE»
---------	----------